

MÅNADSREVOM MAT OG LANDBRUK I VERDA

Nummer 5 2026. Utgitt av Internasjonalt utval i NBS, redigert av Ilona Drivdal, ilonadrivdal@yahoo.no

I desse breva finn lesaren internasjonalt materiale om mattilgangen i verda, frå FAO, La Via Campesina, Friends of the Earth og andre kjelder. Me skriv om aktuelle saker, nye analysar og bakgrunnsartiklar. Brevet blir sendt elektronisk til dei som melder interesse, bruk adressa over. Brev kan også lastast ned frå NBS sine heimesider. Redaktør er Ilona Drivdal. Olav Randen lagar breva ferdig.

Har du som les, stoff du meiner bør inn i brevet eller andre tilbakemeldingar, så skriv – eller kontakt oss i Internasjonalt utval, adresseliste på side 4 i dette brevet.

GRØNNERE CAP ETTER 2027?

Frå AGRA FACTS, 29.4. 2026

For perioden 2028-2035 publiserte EU-kommisjonen 28. april et veiledningsdokument som oppfordrer til «best praksis» for landbruks- og miljøtiltak i medlemsstatene. For neste periode foreslår kommisjonen å slå sammen øko-ordninger og klimaforpliktelse. Hensikten er en insentivbasert støtte, sterkere målretting og enklere leveringsrammer. Fremfor å kompensere bønder for påløpte kostnader eller inntektstap skal det utbetales belønninger for miljø resultater, noe som skal gjøre det mer attraktivt å motivere til deltakelse, ifølge kommisjonen.

Mens man taler for forenkling, erkjenner DG AGRI at miljøordninger fortsatt er komplekse å administrere. Det etterlyses større bruk av digitale verktøy, satellittovervåking og integrerte datasystemer for å forbedre kontrollen.

Kommisjonen mener at denne veiledningen sammen med praktiske eksempler skal legge til rette for et miljømessig bærekraftig jordbruk, og at det vil bidra til klima- og miljømål.

NEI TIL GMO/ NTG PÅ ÅKEREN OG I MATEN

ECVC om EUs planlagte åpning for genmodifiserte organismer (GMO-er) 13. april 2026

EU-parlamentet planlegger å fjerne forbud mot bruk av GMO-er med en ny forskrift for såkalte NTG: «nye teknikker for genmodifisering som CRISPR/Cas9»). Dette skjer etter langvarig press fra forskere, som påstår at denne teknikken er viktig for verdens matsikkerhet gjennom avling av klimaresistente arter. ECVC kritiserer dette og sier at teknikken blir presentert som

en mirakelløsning for landbruket, men faktisk er de ikke annet enn GMO-er under et annet navn.

Dersom forslaget blir vedtatt, vil det ikke lenger være krav om obligatorisk sporbarhet eller merking på emballasje for nye GMO-er. Det vil begrense produsenters og forbrukeres valgfrihet, og GMO kan komme ut på bøndernes åkere og på forbrukernes tallerkener uten at de vet om det. - «Hvis disse nye GMO-produktene er så lovende som frøindustrien hevder, hvorfor skal de da ikke merkes deretter?» spør ECVC.

Avreguleringen er en trussel mot matprodusenter og forbrukere og truer vår matsuverenitet, mener ECVC som krever at merking på pakken må garanteres gjennom hele verdikjeden. Bønder må beskyttes med sporbarhetskrav for å sikre at avlingene deres ikke blir forurenset med patenterte, nye GMO-er.

I dag kontrollerer seks multinasjonale selskaper 60 % av verdens frømarked gjennom sine patenter: Corteva, Bayer Monsanto, BASF, Syngenta, KWS og Limagrain. Privatiseringen vil styrke deres kontroll over alle frø og kriminalisere småprodusentene. Det vil også gå ut over både menneskers helse og miljøet.

Over 100 organisasjoner, inkludert GMO-nettverket, sendte et felles brev til Europaparlamentets miljøkomité (ENVI) før behandlingen av reguleringsforslaget for GMO-planter ved nye genom-teknikker (NGT). Kravene er en bedre sporbarhet og merking, beskyttelse av GMO-fritt landbruk og forbudt mot patenter.

Siste: GMO-regulering utsatt!

Avstemningen som skulle finne sted 5. mai ble utsatt; de 37 nye forslag må oversettes til flere språk noe som tar tid, melder GMO-nettverket 6. mai.

Se mer på GMO-nettverkets nettsider.

CAP FOR DE STØRSTE JORDEIERNE?

Pressemelding fra ECVC 13. mai:

Nyheter hat avslørt at millioner av euro fra CAP-budsjettet går til familien til presidenten i De forente arabiske emirater. Journalister har publisert en omfattende rapport som viser i detalj at Al Nahyan-familien, verdens nest rikeste familie, mottok over 71 millioner euro fra EUs CAP-budsjett over seks år, for jordbruksland de kontrollerer i Romania, Italia og Spania. – Dette viser klart at den nåværende definisjonen av «aktiv» bonde er problematisk, sier ECVC.

Midlene i EUs landbrukspolitik (Cp) er ment å støtte matproduksjon i EU, fremhever ECVC. De understreker viktigheten av å sikre tak på overføringer og mer rettferdig fordeling av subsidier i CAP. Arealbaserte utbetalinger og feilene i gjeldende lovgivning er skandaløse. Utbetalinger til de rikeste svarer ikke til formålet, og svikter bønderne og landbruket, som EU-institusjonene sier de skal beskytte.

ECVC oppfordrer Parlamentet, Rådet og Kommisjonens representanter til å sikre at pengestøtten fører til sterkere markedsreguleringstiltak, for å sikre at de som produserer maten vår, får priser som gir rettferdige inntekter. Subsidietaket må settes til 60 000 euro per mottaker. Et tak på 100 000 euro, som er angitt i den nåværende kommisjonsteksten, er for høyt.

CAP-støtte må brukes for å sikre en anstendig lønn for de som dyrker mat, og definisjonen av aktive bønder må revideres, for å utelate personer som ikke utfører landbruksarbeid eller har minimal landbruksinntekt, særlig bruk og selskaper hvor de faktiske støtte-mottakerne ikke er bønder, hevder ECVC i pressemeldingen.

DEN USIKRE MATFORSYNINGA

Tre ting trugar, seier eit gammalt ord, krig, svolt og sjukdommar. Går me attende til førre tiår, kunne det sjå ut som om kampen mot svolt var i ein viss framgang. Global oppvarming var eit trugsmål, men utanom det såg det, iallfall frå eit europeisk perspektiv, ut til å gå rett veg. FN hadde vedteke som eit av berekraftmåla at svolt skulle vere borte innan år 2030, og rapportar, målingar og prisindeksar gav det inntrykket at me var på veg mot målet, rett nok sakte. Stabilitet syntest vere normaltstanden.

Som figuren til høgre viser, har perioden etterpå vore prega av ustabilitet. Figuren er utarbeidd av FAO og viser endringar i matindeksen, den gule kurven med nominelle og den raude med reelle prisar, altså korrigert for endringar i pengeverdiar. I 2020 kom ein sjukdom, covid-19, som etter kvart vart til ein global pandemi, og med rask stigning i matprisane. I 2022 kom Ukraina-krigen, med redusert korneksport både frå Ukraina og Russland og veksande problem i importavhengige land, særleg i Afrika. Så såg det ut til å stabilisere seg noko att, men i februar i år gjekk USA og Israel til åtak på Iran, iranarane reagerte med å stengje Hormuz-sundet, og prisane på drivstoff til matproduksjon og transport og på gjødsel til produksjon, steg på nytt.


Om det no er våpenkvile eller nær krigsslutt, er usikkert. Derimot er det tvillaust at problema med stenginga og mindre olje og kunstgjødsel på marknaden, vil vare lenge, og difor at indeksane vil stige – og svolten like eins.

DET SÅRBARE MATSYSTEMET

Det globale matsystemet er basert på at marknaden skaffar innbyggjarane mat. Det er svært sårbart. Når det blir mindre råolje, mindre raffinert olje og mindre kunstgjødselproduksjon i marknaden, går prisane opp, og berre dei med økonomiske musklar får varene. Resultatet blir mindre mattilgang. Ein faktor som i seg sjølv kan synast mindre vesentleg, kan få ufattelege følgjer fordi skilnaden mellom nok og for lite er så liten.

Ikkje minst kan me kome til å sjå det i land som kjøper utanfrå kunstgjødsel eller ingrediensane i kunstgjødsel, skriv FAO i ein rapport. Land i Midtausten forsyner Sør- og Aust-Asia og Afrika med nitrogen- og fosfatgjødsel. Kina og India får 20 % av gjødsla si derifrå

Figure 6. Evolution of FAO Food Price Index in nominal and real terms




og Pakistan det meste. Folkerike Bangladesh får vanlegvis over halvdelen av sin kunstgjødsel frå Midtausten, gass frå Qatar og urea frå ulike Midtausten-land. Det same gjeld mange afrikanske land.

Det rammar – og omformar – også eksportlandbruket. Jamvel bønder i Frankrike og USA vil oppleve både at innsatsfaktorane blir dyrare og at dei ikkje lenger finn folk og land med økonomi til å kjøpe produkt. Og det rammar agroindustrien meir enn allsidig smålandbruk, som har høve til å erstatte noko av kunstgjødsla med naturgjødsel og kan finne føde for husdyra i utmarka.

FAO skriv om det rike landbrukslandet Brasil. Dei bruker enorme mengder nitrogengjødsel. Dei får femdelen av sin kunstgjødsel frå Midtausten. Også om det lykkast å kjøpe gjødsla andre stader frå, må me rekne med at prisane stiger over alt. Bøndene reagerer med å gjødsle mindre, og avlingane vil minke. Skilnadene til tidlegare avlingsnivå i Brasil blir større enn til dømes i vårt land fordi mykje av jorda er skrinne og gjødsel meir enn her ein foresetnad for høg produksjon. Difor vil deira levering av mais og soya til verdsmarknaden skrumpe inn, og dei vil setje opp prisane.

Jamvel vårt norske landbruk og fiskeoppdrett vil såleis få høgare kost-

Figure 7. Corn and soybean oil prices



nader og lågare produksjon pga. stenginga av Hormuz-sundet.

UVISSA

Til hausten kan me vente ein ny El Niño, ifølgje klimamodellane med temperaturstigning på to til tre grader i Stillehavslanda, heitebølgjer, tørke og avlingsreduksjonar. Fordi dette kjem samtidig med menneskeskapt oppvarming, fryktar klimaforskarane at omfanget vil bli sterkare enn nokosinne.

Å utrydde svolten innan 2030 var altså eit mål. I dag snakkar ingen om det. For korona, Ukraina-krig og bombinga i Midtausten tyder på at me er på veg frå ein periode med (moderat) global framgang og inn i ein periode med ustabilitet og problem. Spørsmålet er kva som blir det neste dersom me ikkje forsterkar innsatsen for å løyse problema. Det sannsynlege svaret er meir krigar, meir svolt, meir sjukdommar. Artikkelen som følgjer, tek for seg det sistnemnde.

SJUKDOMSVIRUS OG RISIKOEN FOR PANDEMI X

Virologar, dei som forskar på virus, snakkar om Sjukdom X eller Pandemi X, om at før eller seinare vil ein dramatisk sjukdom ramme menneske. Dei dreg trådar attende til Svartedauden, som ramma halvdelen av Europas folkesetnad, og til spanskesjuka.

Me kan sjå på spanskesjuka, som herja i 1918–1920, under og etter første verdskrig. Ein sannsynleg teori om korleis pandemien oppstod, er at den kom med villfugl, kanadagjæser, til amerikanske område og dinest med amerikanske soldatar over Atlanteren til kampane på Vestfronten. Som vanleg i krig la aktorane lok på negativ informasjon om eigne styrkar, såleis at tusentals soldatar vart ramma og avliva av ein ukjend sjukdom. Spania var nøytralt og med pressefridom og vart dei første til å kunngjere informasjon om sjukdommen, difor namnet. I Norge døydde 15.000 menneske og globalt mellom 50 og 100 millionar. Ulikt mange sjukdommar var det ungar og unge vaksne som vart hardest ramma. Ei forklaring er at eldre folk hadde vore gjennom ulike influensaåtak og med det opparbeidd immunitet.

I 1990-åra ramma ein mystisk sjukdom både svin og menneske i landsbyen Sungai Nipah i Malaysia. Grisar vart sjuke og døydde, og snart vart røktarar og andre med nærkontakt med grisane, sjuke. 40 % av dei sjuke, over 100 menneske, døydde. Truleg hadde viruset kome frå flaggermus. I området fanst også muslimar, som heldt seg unna gris, og ingen av dei vart sjuk. Eit tidlegare ukjent virus, som fekk namnet nipah-virus etter landsbyen, hadde ramma grisane i dei store og tette buskapane og hoppa over til menneske. Alt i landsbyen vart destruert, utan at sjukdommen vart utrydda.

Tre endringar i vår tid aukar risikoen for store sjukdomsutbrot både blant husdyr og menneske. Menneske legg beslag på meir og meir av naturen og trengjer anna liv vekk. Husdyra blir samla i enorme buskapar, der sjukdomsfremjande mikrobar, patogen, lett spreier seg. Og folk og varer reiser eller blir frakta verda over.

Det kanskje mest alvorlege, iallfall så

lenge me kan bruke antibiotika mot bakteriar, er influensa-virus. Av desse finst mange slag, gjerne med namn etter hovudverten, svineinfluensa, hesteinfluensa, hundeinfluensa og fugleinfluensa. Dei spreier seg vanlegvis nokså sjeldan til menneske og endå sjeldnare frå menneske til menneske. Men noko endrar seg.

FRÅ FUGL TIL DYR TIL MENNESKE

Kan fugleinfluensa bli noko liknande som spanska? Ein pandemi som rammar ein større del av menneskeheita og dei unge og spreke? Ein pandemi som liksom covid-19 heller ikkje moderne land med god økonomi er i stand til å stå imot? Somt tyder på at viruset har potensial til det. Men fordi menneske skil seg nokså mykje frå villfuglar, skjer sjeldan overføringa direkte, slik det kanskje skjedde med spanskesjuka. Patogen kan spreie seg frå fugl til ville og tamme dyr. I dyrekroppen kan dei endre seg litt, og derifrå er steget stuttare til overføring til menneske.

Så kan dei endre seg litt att, slik at dei blir i stand til å spreie seg frå menneske til menneske og i verste fall gjennom luft.

Naturen er kreativ. Eitt virus av ein million er litt ulikt dei andre frå arten og i stand til å møte påkjenning dei andre ikkje overlever. Det robuste viruset blir såleis utan konkurrentar av eigen art og kan eksplodere i tal. Eller det kan skje med at to virus av ulikt slag infiserer same cella og utvekslar eigenskapar.

Det å utvikle vaksinar er kanskje råd, men det tek minst 3–4 månader. I verste fall tek det år eller mislykkast. Isolasjon og grenser er då den metoden som står att, men villfuglar og ville dyr er det uråd å stengje ute. Flyttfuglar til dømes kan kome frå Asia, gjere frå seg i ei eng eller ein åker og med det overføre virus.

Utbrot kom i villfuglbestandar og kyllingfabrikkar i asiatiske land, såleis Vietnam og Malaysia, rundt tusenårsskiftet. Millionar kyllingar vart destruerte, utan at det monna. Nesten tvert om, for viruset har spreidd seg til ville dyr, til kattar i Polen, mink, rev og mårhund i pelsdyrfarmer

i Finland og sjøpattedyr i Sør-Amerika.

Her i landet vart sjukdommen påvist hos ville fuglar i 2020 og etter kvart i alle fylke. Det har også vore tilfelle i fjørfefarmer, fugleparker og spreidde tilfelle blant oter, rev og gaupe.

VERDA OVER

I ei felles risikovurdering frå FAO, Verdas Helseorganisasjon (WHO) og Verdas veterinærorganisasjon (WOAH) 18. mai i år går dei gjennom sjukdomsinformasjon siste året, med påviste tilfelle i stort omfang frå alle verdsdelar utanom Oseania. I Europa har nærast ein epidemi oppstått blant villfugl, med 3200 rapportar berre frå september til november 2025 og frå 28 land. Dette er ei tidobling frå året før. I over tusen mjølkekubuskapar i 19 delstatar i USA har H5N1 vorte påvist, og sjukdommen kom (via ein gardskatt) til Nederland.

Verdas helseorganisasjon (WHO) følgjer situasjonen, samlar globale data og informerer medlemslanda. Men også WTO er svekka etter at USA med Trump ved roret trekte seg ut.

BEREDSKAP?

I Norge har Veterinærinstituttet ansvar for å overvake smitte blant dyr, Mattilsynet for handtering av utbrot blant dyr, og Folkehelseinstituttet følgjer med globalt og nasjonalt og vurderer risikoen for menneske.

Er dette tilstrekkeleg? Me var dårleg førebudde då covid-19 kom og er det vel også no. Me treng, som i asiatiske land, ekstra overvaking og smittevern i husdyrhaldet, aller mest ved store kylling- og svinefarmer. Me treng ei føre var-tenking der helse har forrang framfor både profit og arbeidsplassar, me treng lokale lager av utstyr som munnbind og desinfeksjonsmiddel, og me treng planar for rask industriomlegging til produksjon av slikt utstyr. Me treng også ny medisinproduksjon i vår del av verda. Å leggje om industri frå produksjon av andre medisinar til vaksinar tek månader, men å starte medisinproduksjon frå grunnen tek år. Difor må medisinproduksjon i gang før eventuelle utbrot kjem.

Både fordi agroindustri er ekstra sårbar og fordi det kan kome situasjonar der matimport er risikabel, treng me ei matforsyning som kan fungere også om import frå andre land og verdsdelar skulle bli vanskeleggjort eller stogge. Eit land som Norge må innsjå at beredskap ikkje berre og kanskje ikkje først og fremst handlar om våpen og soldatar.

Kjelder: Heimesidene til WHO, Mattilsynet, Veterinærinstituttet og Folkehelseinstituttet, risikovurdering mai 2026 frå FAO med fleire.

Olav Randen



Eit dårleg miljø for grisen, men truleg godt for somme virus-arter. Foto frå pressemelding frå Dyrenes Beskyttelse, Danmark.

ECVC OM KJØNN OG BUDSJETTER

18. april arrangerte ECVC et teams-møte om støtteordninger i landbrukspolitikken og kjønnsforskjeller. Spørsmålet var hvordan vi kan oppnå en mer inkluderende og rettferdig landbrukspolitikk gjennom budsjettmidler som tar hensyn til kvinnelige bønders posisjon i matkjeden.

Alishia Sesum fra ECVC innledet med å fremheve at 2026 er FN's år for kvinnebønder og at likestilling i landbruket er avgjørende for å oppnå FN's bærekrafts-mål om å sikre mat for fremtiden.

Jessica Duncan, forsker fra Universitetet i Wageningen, Nederland, sa at selv om mye har blitt gjort for å forbedre kvinnenes situasjon, er deres betydning i matkjeden fortsatt sterk undervurdert. Det fireårige forskingsprosjekt SWIFT, som ble lansert av EU-kommisjonen i 2022 i samarbeid med La Via Campesina, undersøker hvordan agroøkologi med vekt på kvinners situasjon kan fremme likestilling i rurale områder, for å styrke kvinners og minoritetspersoners posisjon i landbruket.

Louise Legein, forsker ved Oxfam, forklarte GRB (Gender Responsive Budgetting, kjønnsbaserte overføringer) som en strategi for å oppnå en mer inkluderende og rettferdig landbrukspolitikk og en bedre økonomisk situasjon for kvinnebønder. Når en stat, en kommune eller en organisasjon skal fordele sine økonomiske ressurser, må det gjøres en grundig analyse for å redusere sosiale ulikheter og oppnå likestilling.

Tania Lucia Benito fra Spanias landbruksdepartement fortalte hvordan spanske politikere og bondeorganisasjoner som hadde innført dette systemet fra Andalucía, presset på at det skal også anvendes på europeisk nivå og anvendes for CAP fra 2027.

Elena Schubert fra EU-kommisjonen DG AGRI fremhevet kommisjonens innsats for å øke kvinners deltakelse i landbruket, med viktige initiativer og plattformer som bl.a. «Women in Farming», samt en bedre strategi for generasjonsskifte.

Forsker Kristin Eckstein, som representerte den østerrikske småbrukerorganisasjonen og ECVC, påpekte at det er forskjeller i landbrukssektoren på ulike nivåer, som kjønnsdelt fordeling av oppgaver. Hun mener at «typisk mannlige» prosjekter blir ofte prioritert, mens kvinner, som ofte driver miljøvennlig, med vekt på omsorg og i liten skala, blir undervurdert. Tradisjonelle familiebruk basert på mann og kone gjør det vanskelig for personer som faller utenfor dette

mønsteret. Det er også et problem at migranter – og særlig migrantkvinner – blir utnyttet som billig arbeidskraft, mente Eckstein.

Det ble konkludert at GRB kan være et verktøy for å fjerne ulikheter og bør innarbeides på alle nivåer i den felles landbrukspolitikken (CAP), gjennom EU-budsjettet og gjennom nasjonale strategier.

Noen ettertanker: EUlandene utviklet GRB som et verktøy for å rette opp ulikheter i økonomiske støtteordninger. I Norge har man ikke tilrettelagt for GRB. Sammenliknet med andre europeiske land har Norge en høy kvinnerepresentasjon, men ikke i like stor grad økonomisk likhet. Grundige analyser av budsjettarbeid og -vedtak kunne være nyttige, for eksempel for å undersøke hvem som mottar mest produksjonstilskudd, hvem som eier gårdene, hvordan tilskuddene prioriteres og hva slags bruk får mest tilskudd.

Ilona Drivdal, 20. mars 2026

ECVC OM AGROØKOLOGI OG KVINNER

Melding fra ECVC, ved Margret Muller (oversatt av Ilona Drivdal)

Gjennom SWIFT-prosjektet i EU (Supporting Women-Led Innovations in Farming and Rural Territories) vil det bli arrangert en konferanse i Brussel fra 2.-4. desember 2026 om agroøkologi for kvinner. Mer opplysninger på denne nettsiden: <https://feministagroecology.com/home/>

ECVC kan støtte deltakelse for bønder fra ECVC på denne konferansen (minst 10, kanskje flere). Prioritet gis til kvinnelige bønder og minoritetsmedlemmer innen ECVC.

Målet er å skape rom for horisontale diskusjoner og å utdype allianser mellom sosiale bevegelser, forskere og sivilsamfunn for å fremme agroøkologi for kvinner og solidaritet over hele verden. Ideen med møtet er å organisere tema-sesjoner rundt korte bidrag (f.eks. korte videoer, dikt, bilder, skriftlige refleksjoner) som leder til kollektive diskusjoner, men det som er viktigst er at vi kommer sammen for å styrke allianser og dele våre erfaringer. Hvis du ønsker å presentere din erfaring, forankret i feministiske perspektiver, ønsker vi bidrag som handler om:

- Krig, væpnede konflikter og sosio-miljømessige konflikter: bygge internasjonal solidaritet
- Sosial og solidarisk økonomi: kommersialisering, gjensidighet og utvekslinger
- Generasjonsskifte

- Arbeid for kvinnelige migranter
- Minoritetssamfunn og ikke-binære identiteter i agroøkologi
- Arbeidsforhold og feministisk livsrom på gårder
- Tjenester på landsbygda, landbrukspolitikk og demokratisering av omsorg
- Landbrukspolitikk, subsidier og inntekt
- Innvirkning og tilpasning til klimaendringer: fellesskap for å møte dette.
- Tilgang til land, produksjonsmidler og kollektive eiendomsformer

Påmeldingsskjema: [Sowing liveable presents - call for proposals | Framafors.org](https://www.framafors.org/presents-call-for-proposals)

Seminaret vil finne sted 2.-4. desember 2026. Det er gratis. For deltakelse og i tilfelle gjerne bidrag: ta kontakt med styret i NBS.

EUS LANDBRUKSKOMMISSÆR: BEDRE RISIKOSTYRING

AGRA FACTS 4.5. 2026

Europeisk landbruk er under økende press med klimaendringer og markeds-svingninger, hevdet kommissær for jordbruk og mat, Christophe Hansen, på møte for EUs landbruks ministre på Kypros 4. mai. Framtidas CAP må sikre kriseberedskap gjennom reformpakker (f.eks. forsikringsordninger, kriseutbetalinger og miljøtiltak) for å gjøre bønder mer motstandsdyktige, og støtten må rettes mot bønder som er strukturelt mest sårbare.

Kriseberedskap skal skje på alle nivåer, fra den enkelte bonden, statene og på EU-nivået, sa Hansen. Han oppfordret bønder og medlemsstater til å ta en aktiv rolle. Det forventes at hver medlemsstat presenterer en risikostyringsstrategi som ledd i en plan for å sikre matsikkerhet og bærekraft. Målet er å omsette disse til konkrete retningslinjer for fellesskapet.

Ministerdiskusjonen bekreftet hvor viktig det er med sektorpolitiske tiltak som samler landbruk, miljø, finans og innovasjon på EU-nivå. Resultatet av møtet vil inngå i Rådets pågående arbeid med CAP etter 2027.

INTERNASJONALT UTVAL NORSK BONDE- OG SMÅBRUKARLAG 2026

Leiar Stein Brubæk, e-post stein359@gmail.com

Heidi Hogset e-post Heidi.Hogset@hiMolde.no

Audun Emil Tvedten, e-post audun.e.tvedten@gmail.com

Ingvild Asphol, e-post iasphol@protonmail.com

Ilona Drivdal, e-post ilonadrivdal@yahoo.no